



Fylkesmannen i Oppland

MILJØVERNDELINGEN



Forvaltningsplan for Blessumkalvkeveen Naturreservat

Rapport nr. 15/2012

Forvaltningsplan for Blessumkalvkveen naturreservat	Rapportnr.: 15/2012
	Dato: 14.12.2012
Forfattere: Trond Stensby, Ulf Ullring	Faggruppe: Naturforvaltning
Prosjektansvarlig: Ingunn Moen Helland, Vågå kommune For Fylkesmannen i Oppland, Kolbjørn Hoff og Ulf Ullring	Område: Oppland fylke, Vågå kommune, Blessumkalvkveen naturreservat
Finansiering: Vågå kommune, Direktoratet for naturforvaltning, Fylkesmannen i Oppland	Antall sider: 19
Emneord: Naturvern, naturreservat, forvaltningsplan, biologisk mangfold, skjøtsel, bevaringsmål	ISBN-nummer: 978-82-93078-38-8
<p>Sammendrag: Blessumkalvkveen naturreservat ligg i Randsverk i Vågå kommune. Reservatet vart verna 12. april 1918, og er det eldste verneområdet i Oppland. Området er utan verneforskrift, men føremålet med vernet er å bevare eit område med furu naturskog på høgstaudemark. Vågå kommune er delegert forvaltningsmynde frå Direktoratet for naturforvaltning.</p> <p>Føremålet med denne forvaltningsplanen er å fastsette bevaringsmål i tråd med verneføremålet for naturreservatet, og planleggje skjøtselstiltak som vil bidra til å oppfylle verneføremål og bevaringsmål. Planen byggjer på ei naturfagleg kartlegging gjort av Miljøfaglig Utredning AS v. Bjørn Harald Larsen i 2011.</p> <p>Naturverdiane er i dag knytt til:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Gamle furutre, både levende, døyande og daude tre. • Viktige signalarter av lav, m.a. raudlista, som lever hovudsakleg på døyande gamle furutre og furulæger. • Kjeldeskogsmark, spesielt i vestre del av reservatet. • Referanseområde for korleis slike produktive skogsmiljø utviklar seg i fri utvikling, utan beitepåverknad av husdyr og inngrep i form av hogst eller annan skogskjøtsel. <p>I samsvar med tilrådinga frå Miljøfaglig Utredning AS, vil ein la verneområdet få utvikle seg fritt med fråvær av beiting eller andre skjøtselstiltak. For at det skal skje må reservatet haldast inngjerda, og det vil ikkje bli tilrettelagt for auka ferdsle. Det bør utarbeidast eit overvakingsprogram for reservatet. Verneformålet bør reviderast og det bør utarbeidast ei verneforskrift.</p> <p>Forvaltningsplanen vart vedteken i Vågå kommune med tilslutning frå HTLN, sak 63712, 02.11.2012. Planen er endeleg godkjent av Fylkesmannen i Oppland 14.12.2012. Planen skal reviderast kvart 8. år.</p>	
Referanse: Stensby, Trond og Ullring, Ulf 2012. Forvaltningsplan for Blessumkalvkveen. Fylkesmannen i Oppland, Miljøvernnavdelingen, Rapp. Nr. 15/2012, 19 s.	
Forsidebilde: Frå Blessumkalvkveen. Foto: Bjørn Harald Larsen (Miljøfaglig Utredning AS)	

Innhald

Forord	4
1 Innleiing.....	5
1.1 Vurdering av miljørettsprinsippa.....	6
2 Omtale av området	7
2.1 Generelle forhold.....	7
2.2 Flora og vegetasjon.....	8
2.3 Fauna	9
2.4 Raudlisteartar	9
2.5 Naturtypar etter NiN-systemet og DN-systemet.....	10
3 Brukarinteresser	12
4 Bevaringsmål, skjøtsel og informasjons-/ tilretteleggingstiltak.....	12
4.1 Overordna mål.....	12
4.2 Vurdering av informasjons- og tilretteleggingstiltak	14
4.4 Trugsmål mot verneverdiane	16
4.5 Retningsliner og skjøtselstiltak for heile området.....	16
5. Oppfølging av verneområda	17
5.1 Oppfølging av skjøtselstiltak og informasjons-/ tilretteleggingstiltak.....	17
5.2 Oppfølging av bevaringsmål	17
5.3 Revidering av forvaltningsplan	17
5.4 Revidering av verneformålet og utarbeiding av ei verneforskrift.....	17
6. Kostnadsoversikt og framdriftsplan for aktuelle tiltak	18
7 Litteratur	19

Forord

Blessumkalvkveen naturreservat vart oppretta 12. april 1918, og er det eldste verneområdet i Oppland. Området vart verna for å bevare ein heilt spesiell og sjeldan furuskogutforming, rik på høgstaudar i feltsjiktet. Liggjande midt i ei setergrend, vart området inngjerda for å halde beitedyra vekk, og har liggje slik i snart eit hundreår. Det gjer Blessumkalvkveen til eit unikt område for studiar av korleis eit slikt skogområde utviklar seg utan beiting og anna utnytting og skjøtsel samanlikna med beiteområda rundt.

Om ikkje så lang tid i livet til eit furutre, så har likevel mykje skjedd i skogbiletet på denne tida. Ein stod nå tydeleg ved eit vegskilje når det gjaldt forvaltninga av området. Skulle ein halde fast på det skogbiletet som var den gang området vart verna, eller skulle ein halde fast på den forvaltningsstrategien ein har fylgt i alle desse åra? Ein har valt det siste, i ei erkjenning av at naturen er omskifteleg og ikkje kan haldast fast, om den samstundes skal få utvikle seg fritt. Dette området, som har vorte verna mot beiting og andre inngrep over så lang tid, er eit mykje verdefullt område for samanliknande studiar. Området kan gje oss viktig kunnskap om naturen og om forvaltninga av arter og naturtypar for framtida dersom det berre får utvikle seg fritt også i fortsetjinga.

Ein forvaltningsplan med bevaringsmål er eit første steg. Etter så lang tid vert det no også naudsynt å revidere verneformålet og utarbeide ei verneforskrift for reservatet. Eit overvakingsprogram må på plass, både for å fylgje utviklinga i området og for å kunne nytte seg den kunnskapen som området kan gje oss.

Vågå kommune står som forvaltningsmyndighet for verneområdet og er ansvarleg for utarbeiding av forvaltningsplanen. Ingunn Moen Helland har vore ansvarleg handsamar i Vågå kommune, og Trond Stensby har vore hovudforfattar. Miljøfaglig Utredning ved Bjørn Harald Larsen har kartlagt naturverdiane i verneområdet og kome med framlegg til vidare forvaltning. Også Ulf Ullring og Kolbjørn Hoff hos Fylkesmannen har kome med faglege innspel til planen og til utforminga av rapporten. Forvaltningsplanen vart vedtatt i Vågå kommune 2. november 2012.

Fylkesmannen i Oppland er godkjenningmyndighet for forvaltnings- og skjøtelsesplaner for naturreservata i fylket, og godkjente planen 14. desember 2012.

Lillehammer, 17. desember 2012

Vebjørn Knarrum (sign.)
Fylkesmannen i Oppland

Ingunn Moen Helland (sign.)
Vågå kommune

1 Innleiing

I Randsverk i Vågå kommune ligg Blessumkalvkveen naturreservat. Reservatet vart verna allereie 12. april 1918, og er det eldste verneområdet i Oppland. Området er utan verneforskrift, men føremålet med vernet er å bevare eit område med furu naturskog på høgstaudemark (www.fylkesmannen.no). Vågå kommune er delegert forvaltingsmynde frå Direktoratet for naturforvaltning.

Ein forvaltningsplan skal vera eit praktisk hjelpemiddel til å oppretthalde og fremme verneformålet. Den skal også sikre heilskapleg forvaltning av verneområdet ved å gje konkrete retningslinjer om bruk, informasjon, skjøtsel, eventuell tilrettelegging osv.

Føremålet med denne forvaltningsplanen er å fastsetje bevaringsmål i tråd med verneføremålet for naturreservatet, og å planleggje skjøtselstiltak om omtale ev. andre informasjons-/tilretteleggingstiltak som vil bidra til å oppfylle verneføremål og bevaringsmål. Planen byggjer i hovudsak på ei naturfagleg kartlegging gjort av Miljøfaglig Utredning AS v. Bjørn Harald Larsen i 2011.

I samband med Miljøfaglig Utredning AS sitt kartleggingsarbeid vart det reist ei problemstilling knytt til kva for hovudprinsipp som skal leggjast til grunn for forvaltning av Blessumkalvkveen naturreservat:

- Skal reservatet skjøttast slik at dei tidlegere lågurtengene kjem attende på det som i dag er høgstaudemark, samt at furu gradvis blir eit viktigare treslag enn i dag?
- Eller skal verneområdet få utvikle seg fritt, der bjørk framleis vil gradvis ta over for furu etter kvart som daude furutre går over ende?

Skjøtsel av naturreservat er heimla i Naturmangfaldlova § 47:

"I verneområder etter dette kapitlet kan forvaltningsmyndigheten foreta skjøtsel og grensemerking av verneområdet. Forvaltningsmyndigheten skal, hvis mulig, inngå avtale med grunneieren om at denne utfører nærmere bestemte skjøtselstiltak. Forvaltningsmyndigheten kan også inngå avtale med interesserte organisasjoner eller andre om at disse utfører slike skjøtselstiltak.

Som skjøtsel kan foretas tiltak for å opprettholde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er formålet med vernet, herunder tiltak for å kanalisere ferdsel, fjerning av vegetasjon eller fremmede treslag og restaurering etter naturinngrep. Skjøtselstiltak som innebærer høsting av naturlige ressurser eller en vesentlig endring i naturtilstanden slik den var da vernearbeidet tok til, jf. § 42 eller § 45 første ledd, kan ikke skje etter denne paragraf.

Berører skjøtselstiltak privat eiendom eller rettigheter i verneområdet, skal eieren eller rettighetshaveren så vidt mulig varsles på forhånd.

Økonomiske fordeler ved gjennomføring av skjøtselstiltak tilfaller grunneieren eller rettighetshaveren.

Utkast til plan for skjøtsel av verneområdet skal om mulig legges frem samtidig med at verneforskriften blir fastsatt."

1.1 Vurdering av miljørettsprinsippa

Ein skal leggja miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 – 12 til grunn ved utøving av offentlig myndighet, jf. naturmangfaldslova § 7. Nedanfor er vår vurdering av disse for Blessumkalvkveen naturreservat:

§ 8. Kunnskapsgrunnlaget

Det er gjennomført ei biologisk kartlegging av naturreservatet (sjå ovanfor). I samband med denne, gjekk ein også gjennom tidlegare undersøkingar, m.a. Børset, A. 1979. "Inventering av skogreservater på statens grunn". Dette gjev at kunnskapsgrunnlaget er tilfredsstillande.

§ 9 "Føre var"-prinsippet

Forvaltningsplanen bygger på god kunnskap om naturforholda og tidlegare forvaltning, jf. førre avsnitt. Ein treng difor ikkje nytte seg av "føre-var"-prinsippet i utarbeidinga av forvaltningsplanen.

§10 Samla belastning

Det er ikkje føreslege aktive skjøtselstiltak i naturreservatet, og difor ikkje aktuelt med ei vurdering av belastning på økosystemet.

§ 11. Kompensasjon for forringing av miljøet

Heller ikkje relevant av same årsak som for § 10.

§ 12. Bruk av miljøvenlege metodar

Det er ikkje føreslege tiltak som inneber bruk av miljøskadelege stoff eller metodar.



På noko fattigare mark (her blåbærskog) dominerer furua, og det er mykje ståande daud ved.
Foto: Bjørn Harald Larsen.

2. Omtale av området

2.1 Generelle forhold


Blessumkalvkveen naturreservat får følgende stutte omtale i Naturbase:

Blessumkalvkveen VV00000793: "Skogli ved Randsverk med sjelden vegetasjonstype, furuskog på høgstaudemark. Gammel, glissen og grovvokst naturskog."

Etter Naturbase er reservatet på 99 daa, og ligg på 755 -850 m.o.h. i ei sørvendt li. I tabell 1 er det gjeve att opplysningar om markslagsfordeling i Naturbase. I same oversikt vert det vist at 95 daa av skogarealet ligg på middels bonitet.

Tabell 1. Markslagsfordeling etter Naturbase (Skog og landskap 2007).

Arealtilstand	Kartlagt areal	
Barskog	4	4,0 %
Blandingskog	94	94,5 %
Innmarksbeite	1	0,5 %
Sum	99	100,0 %



Figur 1. Kart Blessumkalvkveen naturreservat (Frå Naturbase).

Blessumkalvkveen ligg i eit område med fyllit og glimmerskifer som dekker store delar av Sjudalen og Heidal. Berggrunnen gjev grunnlag for ein rik og variert flora. Området er prega av mektige morenemassar. Sjudalen er prega av eit kontinentalt klima. (Larsen 2011).

Området har vore inngjerda sidan 1927. Tankegangen då var å verne området mot beiting. Etter å ha vore skjerma mot beiting i så lang tid har bjørk overteke på område med høgstaudemark, medan furu framleis dominerer på blåbærskog, småbregneskog og lågurtformer. (Larsen 2011).

2.2 Flora og vegetasjon

I tabell 2 er det gjeve ein oversikt over registrerte naturtypar (NiN) i Blessumkalveen naturreservat. Lokalisering av naturtypane er vist i figur 2. (Larsen 2011)

Tabell 2. Registrerte naturtypar (NiN) med funn av enkeltartar i Blessumkalvkveen naturreservat (Larsen 2011)

Kode	Type
T23-1	Blåbærskog
T23-2	Småbregneskog
T23-3	Svak lågurtskog
T23-9	Høgstaudeskog
T23-17	Lågurt-lyngfuktskog
V3-1	Intermediær svak grunnkilde
V3-2	Kalkrik svak grunnkilde

Mosaikk av blåbærskog og småbregneskog mellom Blessomsætre og Pina. Blåbær er ein dominerande art i feltsjiktet med spreidde høgstauder. Andre artar er m.a. tyttebær, slirestarr og skogstjerne. Det er eit mindre bestand med **blåbærskog** i sørvest der furu er einerådande.

Langs austsida av reservatet finst det mindre areal med **småbregneskog** og svak **lågurtskog**. Også eit større bestand i nordvest har svak lågurtskog. I skogsjiktet i småbregneskogen finn ein berre furu, medan det i dei svake lågurtskogane også er ein del bjørk. Døme på enkeltartar i lågurtskogen er grønnkurle, dunhavre, fjelltistel, teiebær, perlevintergrønn, fuglevikke, jåblom, hengeaks, lundrapp og firblad, samt tysbast som er jamt fordelt over arealet. Ein finn mindre gamle furutre og daud ved her enn i høgstaudeskogen.

Høgstaudeskogen dekker større delen av reservatet. Bjørk er dominerande art i tresjiktet, men med eit stort innslag av gammal, grov furu, og furulæger i ulike nedbrytingsfasar. Døme på registrerte artar i feltsjiktet er tyrihjel, enghumbleblom, fjelltistel, jåblom, gullris og rød jonsokblom, tysbast, skogsveve, harerug, gaukesyre, firblad, hårfrytle, ballblom, maiblom og legevintergrønn.

Heilt inn mot Pina er det fuktig **høgstaudemark** med mjøurdurt, myskegras, geitrams, stornesle, bringebær, vendelrot, sløke, skogsveve og anna. Ved gjerdet mot beitemarka vart

det registrert eit visst kulturpreg med prestekrage, fjelltimotei, beitemarikåpe, grasstjerneblom og anna.

Den søre delen av reservatet har den rikaste vegetasjon med **lågurtlyngfuktskog** med m.a. fjellfrøstjerne og fjelltistel på fuktflater mellom tuer med lyng og innslag av teiebær, perlevintergrønn, skogstjerne og legevintergrønn. Furu er bortimot einerådande i tresjiktet, medan det er innslag av bjørk i feltsjiktet. Skogen er gammal, med innslag av ståande daud ved.

I nordaust mot Pina veks det ein **intermediær kjeldeskog** der det vart registrert soleiehov, fjelltistel, enghumleblom og ein ubestemt fagermose.

I den sørvestre delen er det ein **rikare kjeldeskog**, med ei kraftig kjelde med jernfelling. Gulsildre var ein viktig art, og bjørk dominerte i tresjiktet, med innslag av selje, rogn og vier. I følge Miljøfaglig Utredning AS er det her ein finn den mest interessante floraen i reservatet med nubbestarr, sumphaukeskjegg, fjellfrøstjerne, engsnelle, fjelltistel, stor myrfiol, kvitbladtistel, sumpmaure, kornstarr, jåblom, kildemjølke, bleikstarr, duskmyrull og fjellok. (Larsen 2011)

I nordvest er det eit bestand med dei tydelegaste spora etter tidlegare beiting. Her er det engprega vegetasjon med m.a. kvitmaure, harerug, blåklokke, sylvbunke, fjellgulaks, legeveronika, engsoleie, kvitkløver, sumpmaure saman med engkransmose. Førekomsten er for liten til å kunne skiljast ut som eigen naturtype som kulturmarkseng.

Av lav og sopp har Reidar Haugan i 1996 registrert vedbuande sopp med m.a. gråsporekjuke, rutetømmersopp, kvit tømmersopp og hyllekjuka. Vidare vart det funne 8 artar av knappenålslav – inkludert den raudlista arten blanknål. Furskjell og granseterlav er signalartar på gammalskog, og i alt er det registrert 31 lavartar.

2.3 Fauna

Blessumkalvkveen har ein ordinær fauna typisk for høgareliggande furu- og bjørkeskogar. Frodig vegetasjon, stor sjiktningsgrad og mye død ved skapar ein generell rikdom på nisjar, og med det ein ganske mangfaldig fuglefauna (Børset 1979). Børset nevner 23 artar han traff på under sine besøk. Larsen (2011) nevner m.a. flaggspett, gjerdesmett, duetrost og lavskrike.

2.4 Raudlisteartar


I samband med den biologiske kartlegginga er det registrert 3 raudlista artar. (Larsen 2011). Desse er vist i tabell 3.

Tabell 3. Raudlisteartar i Blessumkalvkveen naturreservat.

Norsk namn	Vitskapleg namn	Raudliste status	Kjelder, sist registrert
<i>Sopp:</i>			
Gul furuvokssopp	<i>Hygrophorus gliocyclus</i>	NT	Felt 2010
<i>Lav:</i>			
Blanknål	<i>Calicium denigratum</i>	NT	Artskart (1996)
Furskjell	<i>Cladonia parasitica</i>	NT	Artskart (1996)
SUM	3		

2.5 Naturtyper etter NiN-systemet og DN-systemet

Etter NiN-systemet for naturtypekartlegging, som vart nytta ved kartlegginga i 2012 (Larsen 2011), blei det registrert åtte ulike naturtypar, jf. figur nedanfor.




Figur 2. Lokalisering av naturtyper (NiN) i Blessumkalvkveen naturreservat (Larsen 2011)

I følge Miljøfaglig Utredning AS vil ein kunne skilje ut to lokalitetar etter DN-systemet for naturtypekartlegging, sjå tabell 4. (Larsen 2011). Lokalisering av naturtypeane er vist i figur 3.

Tabell 4. *Blessomkalvkveen naturreservat, oversikt over registrerte naturtypar DN-systemet. (Larsen 2011).*

Kode	Type	Utforming
A0602	Kjelde / kjeldebekk under skoggrensa	Kjelder over sørboreal sone
F0801	Gammal barskog	Gammal furuskog



Figur 3. *Lokalisering av naturtypar etter DN-systemet.*

3 Brukarinteresser

Vernet har ikkje medført endringar i eigedomsforholda. Skjøtselstiltaka bør gjerast i samråd med grunneigar og rettshavarar. Oversikt over grunneigar og rettshavarar i naturreservatet er gjeve i tabell 5 og 6. Området har vore inngjerd sidan 1927, og eventuelle skjøtselstiltak har såleis små konsekvensar for andre brukarinteresser. Det er likevel viktig med ein god standard på gjerdehaldet, slik at beitedyr og vilt ikkje blir påført skade.

Det bør også gjerast tiltak i forhold til ferdsel. Betre merking og skilting fram til reservatet er aktuelle tiltak, men det bør ikkje leggest opp til auka tilrettelegging inne i reservatet med bakgrunn i problematikk knytt til slitasje og erosjon. Ei god grind og/eller klivle er likevel nødvendig.

Tabell 5. Grunneigar i Blessumkalvkveen naturreservat.

Gnr Bnr	Bnr	Bruk	Eigar
187	1	Langmorkje statsallmenning	Statskog SF

Tabell 6. Rettshavarar i Blessumkalvkveen naturreservat

Bruksrett	Part	Heimel
Skogbruk	Langmorkje allmenning	Bygdeallmenningslova
Beite, sæter, jakt	Vågå fjellstyre	Fjellova

4 Bevaringsmål, skjøtsel og informasjons-/tilretteleggingstiltak

4.1 Overordna mål

Føremålet ved vernet er: *"å bevare et område med furu naturskog på høgstaudemark."*

I valet mellom å drive ein aktiv skjøtsel for å få att tidlegare kulturmarksenger, eller å la området få utvikle seg fritt, føreslår Miljøfaglig Utredning AS å la reservatet få utvikle seg fritt. Dette er grunngjeve med den lange tida som er gått sidan området vart gjerda inn. Kulturmarkspreget er derfor i praksis borte. Naturverdiane er i dag knytt til:

- Dei gamle furutrea, både levende, døyande og daude tre.
- Dei viktigaste signalartane av lav, og dei som er raudlista i dag, lever hovudsakleg på døyande gamle furutre og på furulæger. Sjølv om furubestandet er minkande, vil dette substratet likevel truleg finnast i reservatet i mange hundre år framover.
- Kjeldeskogsmarka er verdifull, spesielt den rike lokaliteten i vestre del av reservatet.

- Området er vitenskapleg mykje interessant, og gjev eit svært viktig referansebilete av korleis slike produktive skogsmiljø utviklar seg utan beitepåverknad av husdyr og inngrep i form av hogst eller annan vanleg skogskjøtsel.

Med bakgrunn i at det vart lagt fram to alternative forvaltningsstrategiar, vart rapporten sendt på høyring til grunneigar/rettshavarar, verne- og skogbruksmiljø mfl. der dei to alternative forvaltningsstrategiane var viktigaste høyringstema (jf. HTLN-sak 21/11, 12.4.2011). Det kom ingen høyringsuttaler. Vågå kommune har i drøftingar med Fylkesmannen i Oppland kome til ein konklusjon som er i samsvar med tilrådinga frå Miljøfaglig Utredning AS om å la området få utvikle seg fritt med fråvær av beite.

Med bakgrunn i dette, og etter forslaga frå Miljøfaglig Utredning AS (Larsen 2011) er det fastsett bevaringsmål, slik det kjem fram av tabell 7.

Tabell 7. Bevaringsmål, tilstand og tiltak for Blessumkalvkveen naturreservat

Tilstandsvariablar	Bevaringsmål	Tilstand	Tiltak
Overordna mål	Å bevare eit område med furuskog på høgstaudemark i fri utvikling.	Øydelagt gjerde slepp tilfeldig beitedyr inn.	Halde ved like inngjerding mot beitedyr. Inga tilrettelegging for auka ferdsle.
TS Tresjikt- suksjonstilstand	Fri utvikling.	Bjørk har gradvis tatt over dominansen frå furu på høgstaudemark. Furu dominerer på andre marktypar.	Ingen.
TR Reduksjon av tetthet i skogbestand	Fri utvikling	Tettheit av furu reduserast av naturleg suksesjon.	Ingen.
DV Daud ved	Naturleg førekomande daud ved.	Mykje daud ved av furu.	Daud ved skal liggje/stå att som levestad for vedbuande organismar.
GT Svært store og gamle tre	Naturleg førekomande store og gamle tre.	Bestandet inneheld grove, gamle individ av furu, som er rike på mikrohabitat.	Ingen.
LT Levande tre med mikrohabitat	Stor rikdom på mikrohabitat.		
Skogtype	Blandingskog av furu og bjørk skal bevarast. Rik kjeldeskogsmark skal bevarast.	Blandingskog dominert av furu og bjørk, med førekomande element frå tidlegare beiteskog eller hagemark.	Fri skogutvikling, beskytta mot beiting og inngrep.
Naturskog- karakter	Området skal vere naturskog.		

Lokalt utvalde arter	Furu: Lav: Rik lavflora med kravfulle signalarter. Sopp: Fleire signalarter for gammel furuskog med høg frekvens daudved.	Furu i naturleg utvikling. Rik lavflora med kravfulle signalarter. Fleire raudlista arter. Fleire signalarter for gammel furuskog med høg frekvens daudved. Minst 1 raudlista marklevande sopp.	Fri skogutvikling, beskytta mot beiting og inngrep.
FA Fremande arter (svartlista)	Svartelista arter skal ikkje førekoma.	Svartelista arter ikkje registrert.	Svartelista arter skal fjernast om dei førekjem.
SE Slitasje og slitasjebetinga erosjon	Slitasje og erosjon skal ikkje føre til endring av naturtypene.	Ingen stor markslitande aktivitet, men noko beiting med sau. Normalt trakk og eksisterande stigar er akseptabelt.	Halde ved like inngjerdinga mot beitedyr. Inga tilrettelegging for auka ferdsle.
BF Aktuell bruksform BI Aktuell bruksintensitet	Inngjerda naturskog i fri utvikling, utan menneskjelege inngrep. Allmenn ferdsle til fots i mindre omfang er akseptabelt. Slitasje skal ikkje føre til endring av naturtypene, eller til etablering av nye stigar eller plassar.	Noko beiting pga. dårleg gjerding. Ferdsla berre i mindre omfang, som ikkje har satt uakseptable spor. Nokre mindre stigar som kanaliserer ferdsla. Ein kvileplass/samlingsplass med benkar finst.	Vedlikehald av gjerdet og grunder for å halde beitedyr og anna tilfeldig ferdsle ute frå reservatet. Inga auka tilrettelegging for ferdsle inne i reservatet. Dei gamle benkane skal fjernast og ikkje fornyast. Avbøtande tiltak vert naudsynt først når dekninga av høgstaudar vert redusert eller anna vegetasjon vert synleg skadd, eller arealet opptrakka mark aukar målbart over minst to år.

4.2 Vurdering av informasjons- og tilretteleggingstiltak

Det er i dag ein etablert stig til naturreservatet Blessumkalvkveven frå Randsverk Camping, som er eit naturleg utgangspunkt for besøk. Med bakgrunn i historikk, opplevingsverdi og at Blessumkalvkveven er lett tilgjengeleg, bør det leggjast godt til rette for publikum med omsyn til informasjon. Ei god og synleg skilting frå Randsverk camping er difor viktig. Informasjon og skilting ved Randsverk Camping bør betrast.

Det står ei informasjonstavle ved grinda inn til naturreservatet. Vedlikehald, eventuelt fornying av denne må vurderast. Det kan også vurderast om det er eit behov for oppføring av eit klivle også.

Midt i reservatet er det ein naturleg "kvileplass" der det er enkelt benkar som nå er halvrotne. Nokon har tatt til orde for å fornye desse benkane, men med eit forsterka fokus på å verne naturen her som eit område i fri utvikling utan inngrep og beiting av husdyr, så vil ikkje dette tene formålet. Både av dette omsynet og av omsyn til at den dominerande marktypen er kjensleg for trakk, gjer at ein ikkje ynskjer å leggje opp til vesentleg auke i trafikken inne i reservatet. Informasjon og anna tilrettelegging for besøkande bør difor leggjast utanfor sjølve verneområdet, slik som i dag. Besøkande vil likevel framleis kunne ferdast i området, nytte seg av dei stigane som finst og av "kvileplassen". Trafikken bør likevel overvakast, slik at ein kan vurdere tiltak om ferdsla skulle auke utover kva som er ynskjeleg.

Verneområdet er lite i areal og har hatt ei avvikande forvaltning dei siste 85 åra, etter at beitande husdyr vart stengt ute frå området i 1927. Det er heller ikkje utført hogst i området i det tidsrommet. Dette gjer området vitskapleg mykje interessant, og gjev eit svært viktig referansebilete av korleis slike produktive skogmiljø utviklar seg utan beitepåverknad frå husdyr, noko som er av stor interesse for mange skogsområde og skogreservat framover. Dette med tanke på det sterkt reduserte husdyrbeitet som er regelen i norsk utmark i dag. (Larsen 2011)

Vidareføring av denne forvaltninga, utan beitande husdyr, kan dermed gje oss viktig kunnskap og viktige perspektiv i konsekvensane av dette, som truleg overstig dei meir ordinære og regionalt forholdsvis vanlege verdiane som reservatet ville fått om beiting vart teke opp att. Framfor alt på gode bonitetar er det behov for kunnskap om korleis vegetasjonen utviklar seg på lang sikt med og utan beitedyr, og Blessumkalvkveen er eit av svært få døme der ein kan studere frávær av husdyr over lang tid. (Larsen 2011)



Tysbast er ein karakterart på dei rike vegetasjonstypene i Blessumkalvkveen naturreservat. Foto: Bjørn Harald Larsen.

4.4 Trugsmål mot verneverdiane

I tidlegare tider var beitebruken meir intensiv enn i dag, og føremålet med å gjerde inn Blessumkalvkveen var såleis å verne området mot beiting. Dette fekk over tid ein utilsikta effekt med attgroing av bjørk pga. stor ljostilgang og gode næringstilhøve. (Larsen 2011).

Målet med vernet har difor endra seg over tid, og i dag er verneverdien knytt til skogen og området sin referanseverdi. Ein ser då andre trugsmål, ved at lavfloraen og vedbuande sopp kan bli skadelidande pga. mangel på forynging av furu på de rike marktypene.

Forynging av furu kan eventuelt skje ved planting av 0,5 til 1 m høye tre, men det er konfliktfyllt å plante i eit verneområde, ikkje minst utan å bruke stadeige frømateriale. Planting kjem dessutan i konflikt med å verne området som eit referanse- og studieområde for skog i fri utvikling utan beitande husdyr.

4.5 Retningsliner og skjøtselstiltak for heile området

Med bakgrunn i val av hovudstrategi for skjøtsel av Blessumkalvkveen naturreservat blir det fastsett retningsliner som vist i tabell 8.

Tabell 8. Retningsliner for skjøtsel av Blessumkalvkveen naturreservat.

Nr	Tiltak	Retningsliner
1	Beiting	Beiting med bufe skal ikkje skje.
2	Hogst	Skal ikkje skje.
3	Gjødsling	Skal ikkje skje.
4	Andre bruksformer som pløying og sprøyting	Skal ikkje skje.
5	Gjerding	Området skal vere inngjerda for å hindre beitedyr (bufe) å komme inn i naturreservatet.
6	Overvaking	Overvaking av verneområda skal knytast opp til bevaringsmåla og oppfylling av desse.
7	Involvering.	Skjøtselstiltaka skal gjerast i samråd med grunneigar og rettshavarar.

5. Oppfølging av verneområda

5.1 Oppfølging av skjøtselstiltak og informasjons-/tilretteleggingstiltak

Vurdering av behov for skjøtselstiltak (gjerding) og informasjons-/tilretteleggingstiltak skal gjerast årleg, og finansierast over bestillingsdialogen med SNO. Rapportering av skjøtselstiltak og andre relevante tiltak skal skje på fastsett skjema. Rapportering skal på sikt skje gjennom Naturbase og elektronisk feltdagbok.

Det bør etablerast eit overvakingsprogram for å kartlegge effekten av skjøtselstiltaka.

5.2 Oppfølging av bevaringsmål

Forvaltningsstyresmakta skal sørge for å evaluere skjøtselstiltak i forhold til verneføremålet og fastsette bevaringsmål kvart 8. år. Se også avsnitt 5.4 nedanfor. Vidare må det skje ei kontinuerleg vurdering av skjøtels- og informasjons-/tilretteleggingstiltak, og korrigering av kursen ved behov.

Evalueringa skal gjennomførast etter retningsliner fastsett av Direktoratet for naturforvaltning. Om det ikkje er fastsett nasjonale retningsliner, skal evalueringa skje i tråd med andre relevante føringar for slik evaluering.

5.3 Revidering av forvaltningsplan

Forvaltningsstyresmakta skal sørge for at forvaltningsplanen blir revidert. På bakgrunn av verneformål og bevaringsmål vil det være behov for en revisjon kvart 8. år, fyrste gang etter at forvaltninga i denne perioden er evaluert.

5.4 Revidering av verneformålet og utarbeiding av ei verneforskrift

Verneområdet manglar verneforskrift. Forvaltningsstyresmakta skal sette i gang ein prosess for å revidere verneformålet og utarbeide ei verneforskrift. Sidan verneområdet vart oppretta for snart eit hundreår sidan, har formålet med vernet endra seg. I lys av dei vegval som er tekne i denne forvaltningsplanen, er det heilt naudsynt å ta verneformålet opp til ny vurdering og formulere det på nytt i lys av dagens situasjon. Blessumkalvkveen naturreservat vil framleis vere eit viktig verneområde, men av andre grunnar enn dei opphavlege.

Med tanke på ei god framtidig forvaltning av området, vil ei verneforskrift vere naudsynt. Ei verneforskrift stadfester verneformålet og er meint å vere det viktigaste verktøyet i den daglege forvaltninga av verneområdet. Det er dessutan trong for ei forskrift med reglar om m.a. tekniske inngrep og motorferdsle.

6. Kostnadsoversikt og framdriftsplan for aktuelle tiltak

I tabell 9 er det vist ein kostnadsoversikt og framdriftsplan for aktuelle tiltak i komande 4-årsperiode. Oversikta er ikkje bindande for forvaltningsstyresmakta.

Tabell 9. *Kostnadsoversikt over aktuelle tiltak*

Nr	Tiltak	Område	Tid	Kostnad (kr)	Ansvar	Prioritet
1	Fornyng / reparasjon av permanent gjerde (ca. 1600 m) med ei grind ved åtkomsten.	Rundt heile reservatet	2013	50.000	Forvaltningsstyresmakta	1
2	Oppføring av klivle	Ved innfallsport til naturreservatet.	2014	8.000	Forvaltningsstyresmakta	3
3	Vedlikehald av (ev. ny) informasjonstavle og forbetring av skilting til området frå Randsverk Camping	Ved stigen som kjem inn i reservatet frå Randsverk og ved utg.pkt. for stigen ved Randsverk Camping.	2014	15.000	Forvaltningsstyresmakta	2
4	Overvaking av naturtilstanden	Alle naturtypar (NiN) i naturreservatet.	2016	20.000	Forvaltningsstyresmakta	1

7 Litteratur

Larsen, B.H. 2011. Naturverdier og skjøtsel i Blessumkalvkveen naturreservat, Vågå kommune. Miljøfaglig Utredning rapport 2011-1: 1-26. ISBN: 978-82-8138-455-2.

Børset, A. 1979. Inventering av skogreservater på statens grunn. Blessumkalvkveen, s. 221-231. NF-rapport 3/79. Inst. for naturforvaltning, NLH.